

Forskrift 18. juni 2024 for skulefritidsordninga i Sande kommune – vedtekter

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Sande kommune 18. juni 2024 med heimel lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 4-5.

§ 1 Formål

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning (SFO) for elevar på 1.-4. trinn, og for elevar med særlege behov på 1.-7. trinn, jf oppl.ova § 4-5.

Skulefritidsordninga skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar, tilpassa alder, funksjonsevne og interesse. Vidare skal ordninga legge vekt på leik i eit trygt og skapande miljø. SFO skal saman med heimen legge til rette for vekst og utvikling, og gi borna tryggleik og omsorg.

§ 2 Eigartilhøve

Sande kommune eig og driv dei kommunale skulefritidsordningane ved grunnskulane i kommunen.

§ 3 Leiing, styring og ansvar

Skulefritidsordninga er administrativt underlagt sektor for oppvekst og kultur. Einingsleiar/rektor har det overordna ansvaret, og er fagleg leiar for skulefritidsordninga ved den enkelte skule.

§ 4 Bemanning

Det skal ikkje vere fleire barn pr vaksen enn det ein finn forsvarleg. Bemanninga skal i praksis vere forsvarleg i høve risikoen for at skade eller ulykke kan skje, jf forskrift til oppl.ova § 12-1 (*NB: ny forskrift er ikkje kome enno, slik at dette viser førebels til noverande forskrift. Blir redaksjonelt oppdatert når ny, sentral forskrift er på plass*).

Til vanleg skal det ikkje vere meir enn 12 barn pr. tilsett. Dette er ikkje til hinder for at det i kortare periodar av dagen kan vere fleire eller færre barn pr. tilsett. Det er rektor sitt ansvar å vurdere kva bemanning som er forsvarleg i dei ulike barnegruppene.

- Alle som arbeider i SFO har teieplikt etter reglane i forvaltningslova, §§ 13 til 13 f.
- Den som vert tilsett må leggje fram politiattest, jf oppl.ova § 17-11.
- Tilsette har meldeplikt til barnevernet, jf oppl.ova § 24-3.

- Tilsette i skulefritidsordningane skal samarbeide med andre tenesteytarar, dersom samarbeid er nødvendig for å gi barnet eit heilskapleg og samordna tenestetilbod, jf oppl.lov § 24-1. Tilsette i skulefritidsordningane skal, av eige tiltak, gi sosialtenesta eller helse- og omsorgstenesta relevante opplysningar ein ikkje har plikt til å teie om. Dette gjeld om ein blir merksame på forhold som bør føre til tiltak frå sosialtenesta eller helse- og omsorgslova, jf oppl.lov § 24-2.

§5 Leike- og opphaldsareal

Leike- og opphaldsareal skal vere godkjende etter dei faglege normene som gjeld, jf. forskrift om miljøretta helsevern, og stette krava i opplæringslova kap. 12.

§ 6 Opptak og opptakskriterium

Føresette sender søknad via kommunen sitt oppvekstadministrative program. **Søknadsfristen er 15. april.** Dersom ein søker plass etter søknadsfristen, må eventuelt opptak vurderast ut frå budsjettmessige- og kapasitetsmessige omsyn. Einingsleiar/rektor er ansvarleg for opptaket. Det vert gitt plass for eit skuleår om gongen.

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for barn med særskilde behov på 1.-7. trinn. Omgrepet barn med særskilde behov vert definert som barn med store og omfattande hjelpebehov, dvs. varig funksjonsnedsetting som medfører omfattande og vedvarande behov for bistand.

I dei høve skulefritidsordningane ikkje har plass nok til alle som søker, må det gjerast ei prioritering etter følgande kriterium:

1. Barn med særskilde behov
2. Barna sin alder (1. årstrinn får prioritet)
3. Barn med særleg trong for plass, pga. sosiale, helsemessige eller andre tilhøve i heimen

§ 7 Opningstider

Skulefritidsordninga følgjer skuleruta. Det er ulike opningstider for den enkelte skulefritidsordning med ei felles kjernetid mellom kl. 07:15- 16:10, med unntak på Sandsøya der skulefritidstilbodet er lagt til Sandsøy barnehage etter skuletid. Tilbodet omfattar den tida som ikkje vert dekt av den obligatoriske skuledagen, og vert tilpassa timeplanen til den einskilde skule.

Det vert gitt tilbud om slike plasstypar

- 1) Inntil 8 timar pr. veke
- 2) 9-12 timar pr. veke
- 3) 13-15 timar pr. veke
- 4) 16-20 timar pr. veke

Timetalet kan fordelast ut frå behov og kapasitet. Kwart barn skal ha ein fast oppsett og avtalt timeplan for skuleåret. Timetalet som er søkt om vil vere likt for kvar veke, og kan ikkje tilpassast individuelt.

SFO-tilbod etter skuletid, startar rett etter skulen er ferdig. Det er ikkje høve til å tilpasse tider for enkelte barn etter dette tidspunktet.

Barn som har plass ved skulefritidsordninga kan kjøpe ekstra timar med atterhald om ledig kapasitet. Kostnad for kjøp av enkelttimar fyl gjeldande gebyrliste.

Sommar-SFO

Det vert gitt tilbud om sommar-SFO for borna i alle krinsane i kommunen. Det må sendast inn eigen søknad, og det vert ekstra betaling for sommar-SFO. Sjå orientering på Sande kommune sine sider om fristar, pris og søknad med meir.

Det vert gitt tilbud om sommar-SFO første veka etter skuleslutt i juni, og veka før skulestart i august, inntil noko anna evt. vert bestemt. Tilbodet er ope frå kl. 07:30-15:00. Elevar som går ut av 4. årstrinn kan nytte tilbodet fram til feriestenging. Barn med særlege behov kan nytte tilbodet fram til feriestenging ut 7. årstrinn. Ferietilbodet i august kan nyttast av påmelde i SFO som komande skuleår skal gå i 1.-4. årstrinn.

Borna må ha med eigen matpakke då matsservering ikkje ligg inne i tilbodet. Tilbodet blir gitt ved den skulen der det er flest søkjarar.

§ 8 Foreldrebetaling

Kommunestyret fastset satsane for foreldrebetaling kvart år. Føresette betalar frå startdato til og med sluttdato kvart skuleår. Matpengar kjem i tillegg til betaling for plass.

Det vert gitt syskenmoderasjon med 30% for barn nr. 2, og 50% for barn nr. 3. Det vert ikkje gitt syskenmoderasjon mellom SFO og barnehage.

Kommunen har ordning for gratis kjernetid og redusert foreldrebetaling, i tråd med sentrale føringar. Dei som kjem inn under ordninga gratis kjernetid, får reduksjon i foreldrebetaling uavhengig av plasstype. Kostpengar kjem i tillegg. Husstandar med låg inntekt kan søkje om redusert foreldrebetaling. Dette vert gjort digitalt via Sande kommune sitt oppvekstadministrative system.

For barn som ikkje vert henta etter avtalt plan, vert det kravd eit vedteke beløp pr. påbegynt halvtime.

Ved manglande betaling kan kommunen seie opp plassen. Dei føresette får melding om oppseiing med ein månads frist. Dersom ein har uteståande foreldrebetaling vil dette kunne føre til avslag på plass ved seinare opptak.

§ 9 Oppseiing og endring av plass

Oppseiing eller endring av plass skal skje elektronisk via Sande kommune sitt oppvekstadministrative system. Det er ein månads oppseiingstid rekna frå den 1. i påfølgjande månad. Det skal betalast vanleg foreldrebetaling i oppseiingstida. Dersom plassen vert sagt opp etter 31. mars, må ein betale ut skuleåret. Dette gjeld også om det vert søkt om redusert plass.

§ 10 Skyss

Skulefritidsordninga er eit frivillig tilbod der foreldra har ansvar for skyss til og frå ordninga. Unntak kan vere born som har særskild rett til skyss. Denne retten gjeld berre når det er skuledagar.

§ 11 Forsikring

Sande kommune har kollektiv ulykkesforsikring for elevar i grunnskulen og SFO.

§ 12 Iverksetjing

Denne forskrift trer i kraft frå og med 1. august 2024.